



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset - Leikanger</b>
<b>Møtedato</b>	<b>23.11.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:30 – 15.30</b>

**Faste medlemer til stades:** Erlend Haugen Herstad, Odd Atle Stegegjerdet, Wenche Røkenes, Bente Underthun, Magnus Strand

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 15. september 2016 vart godkjend utan merknader.

Monica Åsnes og Øystein Hunvik var med i starten av møte og orienterte om TT-ordninga og serviceskyss.

**Serviceskyssen** vert køyrt ein gang pr. veke til næraste sentrum, og skyssen må tingast kvelden i førevegen. Eigenandel kr. 25,- pr. tur. 19 av 26 kommunar har serviceskyss. Brukar 4,1 mill. kr. pr. år. Det vil bli gjennomgang av ordninga vinteren 2016/2017 for å lage retningslinjer og ansvarsfordeling. Med krevjande innsparingar framover må ordninga vurderast opp mot andre tiltak.

Samferdsledepartementet har pålagt fylkeskommunane å organisere **tilrettelagt transport** for ulike personar som ikkje har høve til å nytte andre transportmidlar. Transporttenesta er meint å vere eit tilbod for fritidsreiser. Fylkeskommunen har det overordna ansvaret. Kommunane og NAV-kontor handsamar søknad om tilrettelagt transport. Ikkje alle kommunane brukar opp tildelt beløp, og unytta midlar vert trekt frå ved neste års løyving. Det er ca. 4000 brukarar i Sogn og Fjordane. Snitt på 1500 kroner pr. brukar, men dette varierer. Eigenandelen er 30 kroner. Det er ingen aldersgrense for TT-ordninga.

Det er lovpålagt at vi skal ha ei TT-ordning, omfanget er derimot ikkje definert. Budsjettet for 2017 er klarlagt, slik at det ikkje er noko risiko for at det vert kutt i ordninga. Det vert ein gjennomgang av ordninga vinteren 2017.

Det vart gjort vedtak om at rutehefte ikkje skulle trykkast opp for 2016. Rutetabellane er kome på plass i kringom.no og det er høve til å ringe 177. Samferdsleavdelinga vurderer korleis dei skal gjere ruteopplysninga tilgjengeleg på best mogleg måte for 2017.

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

**Meldesak 1) Fråsegn frå rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune til Sogn og Fjordane fylkeskommune**

Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gaular kommune har sendt inn fråsegn om:

- Ordningane med serviceskyss og TT-kort
- Vurdere å opprette bestillingsruter der kollektivtilbodet vert redusert
- Fylkeskommunen ikkje har sendt ut rutehefte for 2016

Konklusjon: Teke til orientering. Sjå elles innleiing til møteprotokoll, om orientering frå samferdsleavdelinga.

**Meldesak 2) Kjøp av rutetenester 2017**

Hovudutval for samferdsle har 25. oktober 2016 i sak 45/2016 vedteke rutetilbodet i 2017. Saksprotokollen frå den politiske handsaminga av saka er vedlagt.

Rutekjøpssaka i år omhandlar mellom anna:

- Oversikt og evaluering av gjennomførte innsparingstiltak
- Innspel frå kommunar og andre interesserte
- Innsparingsstiltak 2017
- Prosess innsparingstiltak 2018 - 2019
- Takst for ferje, båt og buss i 2017

Konklusjon: Teke til orientering.

**Meldesak 3) Informasjon om planvedtak – strategisk plan for kysten**

Kysten står framfor endringar i demografi, klima, arbeidsplassar og næringsstrukturar. Strategisk plan for kysten 2018 - 2029 styrer arbeidet med å vidareutvikle kystregionen, og å skape vekstkraftige og verdiskapande samfunn. Hovudmålet er «ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og mange gjestande.»

Fylkesutvalet fastsette 2. november 2016 planprogrammet for strategisk plan for kysten. Det definerer mål og innhald i planarbeidet vidare. Fylkeskommunen fekk mange innspel til planarbeidet i høyringsperioden som no er innarbeidd i planprogrammet.

Konklusjon: Teke til orientering.

**Meldesak 4) Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2017 – 2019**

Styret i Helse Vest oppnemnde i styremøte 2. november 2016 medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2017 – 1. januar 2019. Sjå vedlegg for oversikt medlemmer og varamedlemmer. Brukarutvalet konstituerer seg sjølve på det første møtet for det nye utvalet, og det skal veljast ein leiar og ein nestleiar.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) i Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO Sørvest), eldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, Kreftforeningen og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2017 - 2019. Forslaget frå organisasjonane medfører at FFO får to medlemmer frå kvart fylke, medan SAFO, eldreråda, Kreftforeningen og RIO får ein medlem kvar i Regionalt brukarutval.

Konklusjon: Teke til orientering.

**Meldesak 5) Tildeling av midlar til utvida TT-ordning 2. halvår 2016**

Samferdsledepartementet inviterte til å søkje om midlar til utvida TT-ordning, og Sogn og Fjordane søkte om midlar, men fekk ikkje tildeling av ekstra midlar. I invitasjonen gjekk det fram at dei tre fylka som allereie var omfatta av forsøksordninga, ville bli prioriterte. Samferdsledepartementet valde Aust-Agder, som kan tilby brukarane i dette fylket 200 turar innanfor den tilgjengelege budsjettamma.

Samferdsleavdelinga orienterte i starten av møtet om tilrettelagt transport.

**Meldesak 6) Ymse**

Bente orienterte fylkesrådet om kva ho har fått av innspel frå NFU og SAFO, og kva ho har informert om til desse organisasjonane.

Landskonferansen for menneske med nedsett funksjonsevne vert i Stavanger 31. oktober – 1. november 2017.

**SAK 16/16      Møtedatoar 2017 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Møteplan for 2017 vert vedteken slik den ligg føre:

9. februar  
27. april  
6. juni  
19. september  
28. november

Endringsframlegg:  
Flytte møtedag frå 27. april til 24. april.  
Flytte møtedag frå 19. september til 20. september

Legge inn informasjon i vedtaket om at landskonferansen for menneske med nedsett funksjonsevne er 31. oktober – 1. november 2017.

**Avrøysting:**  
Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Følgjande møteplan for 2017 vert vedteken:

9. februar  
24. april  
6. juni  
20. september  
28. november

Landskonferansen for menneske med nedsett funksjonsevne vert 31. oktober – 1. november 2017 i Stavanger. Det er fylkesråda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland som arrangerer landskonferansen.

-----

## **SAK 17/16      Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland**

### **Innspel til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vert formulert i møte 23. november 2016.**

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande uttale til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland:

*Ein ny region beståande av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vil få 1,1 millionar innbyggjarar, der Sogn og Fjordane vil ha 10% av innbyggjartalet. Den demokratiske representasjonen vert svekka ved at tal fylkestingsmedlemar i det nye fylket vert redusert til 71 representantar. Det nye fylket vil og vere ein valkrins, noko som mest truleg gir Sogn og Fjordane redusert representasjon på Stortinget.*

*Intensjonsplanen mellom fylka føreset at det skal komme nye og større oppgåver til den nye regionen. Regjeringa har hatt tid til å avklare om slike oppgåver vil komme, men den avklaringa har vorte utelaten, og gjev difor ikkje grunn til at vi treng ein region framfor fylke slik det er i dag.*

*Avstanden i regionen vil bli svært stor, dette kan gjere det utfordrande for den nye regionen å gje alle innbyggjarane nærleik til tenestene. Ikkje minst vil det gjelde for kommunane og regional forvaltning. Det vil bli større avstandar mellom dei som styrer og lokalbefolkninga, noko som er uheldig for eit distriktsfylke som Sogn og Fjordane.*

*Ved ei samanslåing kan arbeidsplassar over tid gå tapt i Sogn og Fjordane. Dette er dramatisk, då det er høgkompetanse arbeidsplassar fylket treng. Desse kan bli flytta til dei mest folkerike områda, som Sogn og Fjordane kan tape på. Lenger reiseveg til jobb, vil gjere det meir belastande for menneske med nedsett funksjonsevne å ta seg til og frå arbeid.*

*Fylkesrådet meiner det bør haldast ei folkeavrøysting. Folkeavrøystinga kan vere todelt, der innbyggjarane i fylket i den fyste delen vert beden om å ta stilling til ja eller nei til region. I den andre delen vert dei beden om å svare på kva regionstruktur dei ynskjer, dersom Stortinget bestemmer at det skal bli ca. 10 regionar.*

*Fylkesrådet er sterkt kritiske til at vi ikkje har vorte involverte i utforminga av intensjonsplanen, og ser ikkje høyringa som ein reell moglegheit til å påverke intensjonsplanen mellom fylka. Vi beklagar sterkt at vi ikkje er blitt involvert på eit tidligare tidspunkt i arbeidet med intensjonsplanen mellom fylka Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.*

*Uavhengig av korleis fylkesstrukturen vert i framtida føreset rådet for menneske med nedsettfunksjonsevne at :*

- Brukarmedverknaden innanfor den regionale tenesteytinga blir minst like representativ som den er i dag*
- Det vert effektiv og enkel samhandling mellom tenesteeatane i den nye regionen, slik at tenestemottakarane får ein enklare kvardag*
- Det i større grad enn i dag vert tilrettelagt for universell utforming*
- Kompetansemiljøa i regionen/fylket må komme alle innbyggjarane til gode*
- Innbyggjarane vil ha nærleik til tenestene, i form av ein desentralisert struktur*
- Prinsipp om brukarmedverknad, som er lovheimla, blir følgt i det vidare arbeidet med intensjonsplanen, om den skulle bli vedteken*

#### **Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har følgjande uttale til intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland:

*Ein ny region beståande av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vil få 1,1 millionar innbyggjarar, der Sogn og Fjordane vil ha 10% av innbyggjartalet. Den demokratiske representasjonen vert svekka ved at tal fylkestingsmedlemar i det nye fylket vert redusert til 71 representantar. Det nye fylket vil og vere ein valkrins, noko som mest truleg gir Sogn og Fjordane redusert representasjon på Stortinget.*

*Intensjonsplanen mellom fylka føreset at det skal komme nye og større oppgåver til den nye regionen. Regjeringa har hatt tid til å avklare om slike oppgåver vil komme, men den avklaringa har vorte utelaten, og gjev difor ikkje grunn til at vi treng ein region framfor fylke slik det er i dag.*

*Avstanden i regionen vil bli svært stor, dette kan gjere det utfordrande for den nye regionen å gje alle innbyggjarane nærleik til tenestene. Ikkje minst vil det gjelde for kommunane og regional forvaltning. Det vil bli større avstandar mellom dei som styrer og lokalbefolkninga, noko som er uheldig for eit distriktsfylke som Sogn og Fjordane.*

*Ved ei samanslåing kan arbeidsplassar over tid gå tapt i Sogn og Fjordane. Dette er dramatisk, då det er høgkompetanse arbeidsplassar fylket treng. Desse kan bli flytta til dei mest folkerike områda, som Sogn og Fjordane kan tape på. Lenger reiseveg til jobb, vil gjere det meir belastande for menneske med nedsett funksjonsevne å ta seg til og frå arbeid.*

*Fylkesrådet meiner det bør haldast ei folkeavrøysting. Folkeavrøystinga kan vere todelt, der innbyggjarane i fylket i den fyste delen vert beden om å ta stilling til ja eller nei til region. I den andre delen vert dei beden om å svare på kva regionstruktur dei ynskjer, dersom Stortinget bestemmer at det skal bli ca. 10 regionar.*

*Fylkesrådet er sterkt kritiske til at vi ikkje har vorte involverte i utforminga av intensjonsplanen, og ser ikkje høyringa som ein reell moglegheit til å påverke intensjonsplanen mellom fylka. Vi beklagar sterkt at vi ikkje er blitt involvert på eit tidligare tidspunkt i arbeidet med intensjonsplanen mellom fylka Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.*

*Uavhengig av korleis fylkesstrukturen vert i framtida føreset rådet for menneske med nedsettfunksjonsevne at :*

- Brukarmedverknaden innanfor den regionale tenesteytinga blir minst like representativ som den er i dag*
- Det vert effektiv og enkel samhandling mellom tenestetatane i den nye regionen, slik at tenestemottakarane får ein enklare kvardag*
- Det i større grad enn i dag vert tilrettelagt for universell utforming*
- Kompetansemiljøa i regionen/fylket må komme alle innbyggjarane til gode*
- Innbyggjarane vil ha nærleik til tenestene, i form av ein desentralisert struktur*
- Prinsipp om brukarmedverknad, som er lovheimla, blir følgt i det vidare arbeidet med intensjonsplanen, om den skulle bli vedteken*

-----

**Kva spesielle tiltak som skal følgjast opp i arbeidsplanen i 2017, vert lagt fram i møte frå medlemmene i fylkesrådet**

**Endringsframlegg:**

Arbeidsplanen må justerast med omsyn til at fylkesrådet er med som arrangør av landskonferansen i 2017.

Leiar og sekretær utarbeider forslag til justert arbeidsplan, som skal presenterast på møte 9. februar 2017.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Arbeidsplanen må justerast med omsyn til at fylkesrådet er med som arrangør av landskonferansen i 2017.

Leiar og sekretær utarbeider forslag til justert arbeidsplan, som skal presenterast på møte 9. februar 2017.

-----

**SAK 19/16      Skriv og melding 23. november 2016 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**Frå sekretær låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar om kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande**
  - 2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar om kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**
-

